

Fra: "stig moltumyr" <stigrnmoltumyr@gmail.com>
Sendt: onsdag 22. april 2026 06:14:01
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Kopi: "Jonas Moltumyr" <moltumyrjonas@gmail.com>
Emne: Høyringsfråsegn saksnummer 202603574

Vi, (grunneigar av eidedomen 1577/233-2 Jonas Aanestad Moltumyr, og forpaktar og drivar, Geit Naturlegvis, Stig Moltumyr) viser med dette til ovannemnde høyring.

Vi er begge knytt til eidedomen der det er planlagt riggområde (6,4 mål) samnt området rundt både som grunneigarar og brukarar på ymse vis. Vi vil med dette gje eit foreløpig innspel innan fristen.

Det aktuelle området omfattar utmark med (så vidt vi forstår foreløpig myr) og andre naturverdiar. Etter vår vurdering kan tiltaket med plassering av riggområdet her medføre inngrep i våtmark, terrengendringar og varige spor som bør vurderast nærmare.

Som brukarar av området vil vi gjerne også ha avklart i kor stor grad denne løysinga som no er foreslått vil påverke vår næringsaktivitet. Vi nyttar også området til rekreasjon og naturområdet er ein av grunnane til å bu på garden.

Vi ber særleg om at konsekvensane for myr, hydrologi og naturmiljø blir tilstrekkeleg utgreidde, og at eventuelle alternative løysingar og avbøtande tiltak blir vurderte.

Vi er i dialog med tiltakshavar og vil eventuelt kome tilbake med meir utfyllande innspel etter synfaring og vidare avklaringar.

Med vennleg helsing
Jonas Aanestad Moltumyr (grunneigar)
Stig Moltumyr (forpaktar og brukar)